

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET	
1010/311 - 50	
DATO 21 FEB. 2011	
AN	EKSP.



ULVIK HERAD
Skeiesvegen 3
5730 ULVIK

Det kongelige olje- og energidepartement
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.:
06/85-80/K2-T30/MHE

Direkte innval:
56527019

Stad/Dato:
15.02.2011

Høyringsuttale til rapportar om sjøkabelalternativ for ny 420 KW kraftlinje Simadal - Samnanger, vedteke i heradsstyret 16. februar 2011.

Ulvik Herad er nøgd med at regjeringa engasjerte fire ekspertutval for grundige utgreingar om sjøkabelalternativet for kraftframføring frå Simadal til Samnanger.

Heradet merkar seg at rapportane framhevar at straumsituasjonen til bergensregionen ikkje vert kritisk dei næraste åra, om den alt planlagde utvidinga av linekapasiteten til regionen vert realisert. *Det er såleis ikkje noko sjølvstendig argument imot sjøkabel i Hardangerfjorden at denne vil vere i drift først i 2018.*

Heradet meiner at rapportane styrkjer sjøkabelalternativet som det beste alternativet, og at rapportane viser følgjande:

- Sjøkabel gjev like akseptabel forsyningstryggleik som luftspenn
- Sima – Samnanger vil ikkje aleine påverke forsyninga for Bergensområdet
- Hovudgrunngevinga for konsesjonen som er gitt for luftspenn, forsyningstryggleiken til Bergen, er feil

Heradet krev difor at olje- og energiministeren pålegg Statnett å konsesjonssøke sjøkabelalternativet på strekninga Sima – Samnanger. Ein konsesjonsprosess for sjøkabelalternativet vil involvere kommunar og lokalsamfunn i dei tekniske og praktiske vurderingane som då må gjerast.

Vidare oppmodar heradet regjeringa til å utarbeide ei tenleg og rettviss finansieringsordning av dette og liknande linjestrekk. I denne samanhengen er det verdt å minne om at vasskrafta er ein unik nasjonal og internasjonal ressurs, med veksande kommersiell verdi. Nye overføringssystem vil kunne skape store meirverdiar for nasjonen. Slik sett vil ny overføringskapasitet til Hardanger vere ei investering med stort framtidig innteningspotensiale.

Ulvik herad viser til utvalsrapportane sine konklusjonar om kompenserte tiltak i Bergensregionen, og oppmodar departementet om mellom anna å få ei snarleg løysing for linja Modalen - Mongstad – Kollsnes, i tråd med dei råka lokalsamfunna sine ynskje.



E-post
ulvik@ulvik.kommune.no

Telefon
56527000

Fax
56527001

Bankkontonr.
3450 19 70001

Organisasjonsnr.
971 159 928

Utval III konkluderer slik:

”Dersom linjen Modalen-Mongstad-Kollsnes er på plass innen 2016 og Energiverket på Mongstad kommer i full drift fra 2015, vil forsyningssikkerheten i BKK-området med stor sannsynlighet være tilfredsstillende det neste tiåret, selv om Sima-Samnanger ikke er på plass fra 2012.”

Utval IV konkluderer slik:

”Situasjonen på kort sikt er ikke så alvorlig at det ikke er mulig å vente med den konsesjonsgitte linjen mellom Sima og Samnanger. Dermed er det relevant å diskutere alternative løsninger...”


”Problemet i dag er kapasiteten på linjene inn til Bergen og den konsesjonsgitte luftlinjen bidrar ikke her til økt effektkapasitet”

”Bergenssnittet får akseptabel forsyningssikkerhet først når planlagt linje Modalen – Mongstad – Kollsnes er ferdig i 2016”

Ulvik herad vil og minna om at Vestlandsfjordane vart kåra på topp over verdas reisemål både i 2004, 2006 og 2009, og at Fjord Noreg regionen har fått øvste plassering som "verdast mest avheldne ikon-reisemål". I rangeringane er det spesielt evna til å ta vare på den spektakulære og unike naturen, samt sikra eit levande fjordlandskap med busetnad og lokal kultur som blir framheva som dei viktigaste grunnar for sigeren. Naturen og kulturen i Hardanger er svært viktig for regionens vidare utviklingsmoglegheiter, og truleg den største bærebjelken for framtidig verdiskaping.

Ulvik herad meiner at alternativet med sjøkabel framleis er det beste, fordi det i størst grad tek i vare dei unike natur- og kulturverdiane som er i Hardanger. Eit luftspenn vil bandlegga den viktigaste ressursen for framtidig lokal verdiskaping i Ulvik.

Med helsing



Mona H. Hellesnes
ordførar

